



Fossheim småkraft SUS v/ Einar Fossheim

Forlenga byggjefrist Fossheim minikraftverk

Vedtak:

Sunnfjord kommune ser ikkje at det er kome til ny informasjon som gjer at byggefrist ikkje bør bli forlenga for Fossheim minikraftverk. I medhald av vassressursloven §§ 27 og 19, 2 ledd, vert byggefristen forlenga med fem år, til 04.04.2029.

Vilkår i Jølster kommunes vedtak datert 10.07.2019 vert elles vidareført utan endringar.

Vedlegg i saka:

24.06.2024	Vedtak om konsesjon 2019	1919589
24.06.2024	Saksutgreiing 2019	1919590

Saksopplysningar:

Jølster kommune ga konsesjon til Fossheim minikraftverk i vedtak den 10.07.2019 (sjå vedlegg). Det følgjer av vassressursloven §§ 27 og 19 andre ledd og vassdragsreguleringslova § 15 at konsesjonen fell vekk dersom byggjearbeid ikkje er satt i gang innanfor ein frist på fem år, frå konsesjonen vart gjeve. Kommunen kan forlenga fristen med inntil fem nye år.

Kommunen har fått søknad om forlenga byggjefrist frå Fossheim småkraft SUS, v/ Einar Fossheim. I søknaden, datert 27.02.2024, står følgjande:

«Fossheim Småkraft SUS fekk konsesjon for bygging av Fossheim minikraftverk i Jølstra i Sunnfjord kommune i Vestland fylke 04. april 2019 (sjå vedlegg). Etter vilkår nr. 2 i vassdragskonsesjonen må Fossheim Småkraft starte å bygge kraftverket før det har gått 5 år frå konsesjonen vart gitt. På grunn av litt for svak lønsemd har det, fram til no, vore uråd å få gjort eit investeringsvedtak for prosjektet.

Fossheim Småkraft har likevel halde fram arbeidet med å realisere denne utbygginga. Vi har no fleire lokale interessentar som ser på moglegheitene for å kjøpe konsesjonen og leige fallet. Dette er ei løysing som vil frita Fossheim Småkraft for tunge investeringar og dermed gjere det mogleg å få utnytta krafta i dette fallet.

Tida for fornybar energi og såkalla grøn kraft er høgaktuell. Elektrifiseringa av stadig større del av samfunnet krev ein auke i produksjonen. Vi ser at dette kan komme gunstig ut for kraftprisane og dermed også økonomien i dette prosjektet. Vi har stor tru på at vi, med hjelp av lokale selskap, vil kunne realisere utbygging innan nokre år.

Dette, i tillegg til at vi ikkje ser at det har kome til nye moment i høve konsesjonen, gjer til at vi difor søker om å få forlenga konsesjonsperioden og byggefristen med 5 år, til 04. april 2029».

Søknaden vart send til Statsforvaltaren i Vestland og NVE for uttale. NVE har svara følgjande, i brev datert 30.04.2024: «NVE har ikkje merknadar til søknaden og viser til vår uttale av 4.12.2018 som gjaldt den opphavlege søknaden». Statsforvaltaren i Vestland har meldt følgjande, i e-post datert 03.05.2024: «Vi kjenner ikkje til nye undersøkingar/data som kan ha relevans i saka, utover eventuelt fiskeundersøkingane til Harald Sægrov i Jølstravatnet/Kjøsnesfjorden i 2023 som er under rapportering».

Sunnfjord kommune har også søkt i Naturbase og Artskart. Vi kan ikkje sjå at det er kome til ny

informasjon som tilseier at søknaden om forlenga byggefrist bør bli avslått. Vi legg til grunn at dei vurderinga som vart gjort i saksutgreiing (sjå vedlegg) til konsesjonsvedtaket, i Jølster kommunen, framleis er dekkande.

Dette vedtaket kan de påklage til Sunnfjord kommune.

Klagefristen er 3 veker etter at de har motteke melding om vedtaket. Det er tilstrekkeleg at klaga er postlagt den dagen fristen går ut.

Klaga skal vere underteikna og de skal vise til vedtaket. Vidare skal de grunngje kvifor de klagar og elles vise til den/dei endringar de ynskjer. Dersom de klagar så seint at det kan vere uklart for oss om de har klaga i rett tid, ber vi om at de gjev opp kva tid de fekk denne meldinga.

Forvaltningslova kapittel VI § 28-32 klargjer rettar og plikter i samband med klage på einskildvedtak.

Med helsing

Joar Helgheim
einingsleiar

Joar Helgheim
einingsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Kopi til:

NVE region vest	Postboks 5091	0301	OSLO
	Majorstua		
Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER

Mottakarar:

Fossheim småkraft SUS v/
Einar Fossheim